



Meland Bolig AS  
c/o Arne Rossnes Vestbygdvegen 129  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16925 - 20/67256

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:  
23.10.2020

## Konsesjon for kjøp av GBNR 62/17 Toffing

**Administrativt vedtak: Saknr:**

### VEDTAK:

**Alver kommune gjev Meland Bolig AS konsesjon for kjøp av eiegenomen gbnr 62/17 Toffing . Den avtalte kjøpesummen er kr. 300.000. Vedtaket har heimel i §§1 og 2 i konsesjonslova. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga.**

Vedtaket vert matrikkelført i kommunen og de vil få beskjed pr mail når dette er gjort.

### SAKSUTGREIING

#### Saka gjeld

Meland Bustad AS søker konsesjon for kjøp av eiegenomen GBNR 62/17 Toffing. Eiegenomen er 5328,1 m2 og består av to teigar. Ein på 3,7 dekar og ein på 1,6 dekar.

Formålet med kjøpet er uendra bruk i høve til i dag.

Kjøpesummen er kr 300.000,-

#### Eiegenomen gbnr 62/17 Toffing

##### Planstatus

Eiegenomen har status LNF med omsynsone landbruk (H510) i Lindås kommune sin kommuneplan for perioden 2019 – 2031.

##### Areal (dekar)

Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Anna areal	<u>Sum</u>
0	0	0	5,1	0,2	5,3

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er ikkje bygningar på eigedomen.

### Kart



### **Lovverk**

Eigedomen er ikkje ein drivverdig landbrukseigedom og søknaden vert difor berre handsama etter § 1 i konsesjonslova og ikkje etter § 9 og §9a. Eigedomen er konsesjonspliktig då den er ubebygd og større enn 2000 m<sup>2</sup>.

### **VURDERING:**

Admistrasjonen har vurdert søknaden i høve til § 1 i konsesjonslova. Konsesjonslova har til formål å regulera og kontrollera omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnleg for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom og omsynet til busetjinga.

Eigedomen gbnr 62/17 har ein relativt liten verdi for landbruket utifrå storleiken på eigedomen, og teigdelinga. Eigedomen grensar vidare inntil mange mindre tomter og det er vanskeleg å oppnå ei rasjonell landbruksdrift som t.d. skogbruk. Nokre av naboatomtane er bebygd, nokre ikkje. Kommuneplanen sin LNF status tilseier at kommunen saman med regionale mynde har konkludert med at det ikkje er ynskjeleg med utbygging i området i inneverande planperiode.

Søklar opplyser at formålet med kjøpet er uendra bruk og såleis i tråd med kommuneplanens LNF formål.

Kommunen har ingen merknader til at eit aksjeselskap får kjøpa den uregulert eigedomen då eigedomen berre er 5,3 dekar og ikkje er ein drivverdig landbrukseigedom.

## Konklusjon

Meland Bolig AS får konsesjon for kjøp av gbnr 62/17 Tofting.

## Regelverk

- Konsesjonslova § 1
- Konsesjonslova § 4, pkt.1

## Gebyr

I tråd med Alver kommune sine Gebyr- og betalingssetar 2020 vert det sendt faktura pålydande kr 2000 til søker jfr punkt 15.1.2, konsesjonssaker for kjøpesum mindre enn kr 1 mill.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/16925»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Meland Bolig AS

c/o Arne Rossnes  
Vestbygdvegen 129

5919 FREKHAUG